



Lennart Falkenberg-Arell

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/2055 - 19/21840

Saksbehandlar:

Eirik Bouwer Utne

eirik.utne@meland.kommune.no

22.10.2019

## Kulturminnefaglege omsyn - Plansak Detaljregulering - Endring Meland gravplass - PlanID 1256 2018 0002

Visert til dialogmøta mellom Hordaland fylkeskommune og Meland kommune den 7.10.2019, 16.8.2019 og fråsegn frå Hordaland fylkeskommune i saka.

### Kyrkjestaden som kulturmiljø

Reguleringsplanen vil bidra til å sikre Meland kyrkjestad som eit attraktivt kulturmiljø og kyrkjestad for framtida, ved mellom anna sikring og rehabilitering av tørrmurar, betre tilhøve for fotgjengarar og eit bilfritt kyrkjetun. Kyrkja vert mykje nytta til seremoniar, i tillegg til jamnlege konsertar og nokre utandørsarrangement. Oppgraderinga av kyrkjestaden vil styrke desse funksjonane, og bidra til at framtidige generasjonar kan nyte godt av ein aktiv Meland kyrkjestad i eit levande kulturmiljø og lokalsamfunn.

Vidare er kyrkjestaden eit sentralt punkt for den høge ferdsla på dei gamle kyrkjevegane i området, særleg mot Moldekleiv, Øvre Sagstad og Fosse. Desse er del av ei større oppgradering med eiga kyrkjevegmerking og informasjonstavler om kyrkjestaden og den gamle ferdsla. Dette aktualiserer kyrkjestaden for mange, og utdypar opplevingar og kunnskap om kyrkja vår.

### Om lokal kulturminneforvaltning

Når det gjeld planens påverknad på kulturmiljøet, har denne vore vurdert lokalt i høve kommunens rolle som lokal kulturminneforvaltar. Dette i tråd med dei nasjonale og regionale forventingane til at kommunane tek medansvar for lokale kulturminneomsyn, utarbeidar lokal kulturminnepolitikk og aukar kompetanse lokalt. Meland kommune vedtok sitt planprogram for kulturminneplan i 2016. I samband med kommunesamanslåing vart arbeidet omprioritert til eit kunnskapsgrunnlag i påvente av ein kulturminneplan for Alver. Denne er forventa i 2021, i høve planstrategiarbeidet til ny kommune. Sjølv om Meland kyrkje er listeført, er kyrkjestaden i heilskap eit levande lokalt kulturmiljø.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

### Mellomalderkyrkjegarden

Siktlinene til den gamle mellomalderkyrkjestaden og ferdselsvegane frå Dale vert oppretthaldt i planen. Riksantikvaren vurderer det slik at tiltak som følgje av reguleringsplanen ikke vil medføre fare for utilbørleg skjemming av mellomalderkyrkjestaden, jf. kulturminnelova § 3.<sup>1</sup>

Mellomalderkyrkjegarden har tidlegare vore ein underkommunisert del av kyrkjestaden, saman med dei gamle fara på vestsida av dalen. Som del av kyrkjevegprosjektet er dette no til dels betra, og vil verte utdypa i tida framover. Omlegging av Bjørnestadvegen vil ikkje påverke samanknyttinga mellom dei to kyrkjestadane.

### Omlegging av Bjørnestadvegen

Hordaland fylkeskommune viser til at ein i reguleringsplanen legg ein opp til ei omlegging av vegen, med ny trasé langs heile nordsida av den gamle gravplassen. Fylkeskommunen finn at denne omlegginga av Bjørnestadvegen i særskild grad vil redusere opplevingsverdiane til kulturminnet og kulturmiljøet, og vil vere i konflikt med kulturminneinteressene både når det gjeld nær- og fjernverknad.<sup>2</sup>

Tilkomsten til kyrkjestaden er i alle tilfelle frå vest (Holme), sør (Frekhaug) og aust (friluftsliv). Den nye vegen vil vere synleg frå vest, men ikkje sør og aust. Opplevinga av kyrkjestaden, i samspel mellom dagens kyrkjestad, mellomalderkyrkjegarden, Kyrkjestova og den øvre kyrkjegarden vert ikkje påverka av den ny vegen, med bakgrunn i at aktiviteten og siktlinene ligg på aust- og sørsida av dagens kyrkje.

Omlegginga av vegen vil føre til ein meir tenleg kyrkjestad og eit meir attraktivt kyrkjetun for Melandsbuen i framtida. Ulempa ved omlegging av veg til myra nord for kyrkja vert etter vår vurdering vegd opp for av fordelane ved planen, mellom anna for å sikre eit levande kyrkje- og kulturmiljø i aktiv bruk. Høva for å skape forbetring og ei positiv samfunnsutvikling ligg i samband med realisering av denne planen, som etter vår vurdering er viktig for å sikre dette viktige kulturmiljøet for framtida.

Med helsing

Eirik Bouwer Utne  
leiar kultur

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

<sup>1</sup> Fråsegn Hordaland fylkeskommune 28.6.2019

<sup>2</sup> Fråsegn Hordaland fylkeskommune 28.6.2019



**Mottakere:**  
Lennart Falkenberg-Arell